



FYLKESMANNEN I ROGALAND
Landbruksavdelinga

Vår ref.:
Arkivnr.:

Dykkar ref:
Vår dato: 18.12.06

Til aktuelle mottakarar

MELDING OM VEDTAK FRÅ ROGALAND FYLKESLANDBRUKSSTYRE

Vedlagt følgjer utskrift av sak nr. 102 / 2006 frå Rogaland fylkeslandbruksstyre.

Med helsing
Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga

Torhild Skeivik

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006/01317-21	Doknr.: 21
Mottatt: 04 JAN 2007	ASK
SEB/ASV	Ark.: 480
Kopi:	Avskr.:

Vedlegg: utskrift av sak

Saksbehandlar: Stein Bomo
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 72
E-post: stein.bomo@fmro.no

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

MØTEBOK

Vedlegg til

Saksnr.

2006/01317 - 21

Fylkeslandbruksstyret i Rogaland.

Møtedato: 14/12/2006

Sakslistenr: 102

Saksnummer: 119906 10094 SKO

Saksnr. arkiv: 06/10749

Saksutredning:

ROGALAND FYLKESLANDBRUKSSTYRE I MØTE DEN 14. DESEMBER 2006:

UTKAST TIL NY FORSKRIFT OM KONKURRANSEAVGRENSANDE VERKSEMD I SKOGBRUKET – HØYRING

INNSTILLING FRÅ FYLKESMANNENS LANDBRUKSAVDELING:

Vi viser til brev frå LMD, datert 18.10.2006, og vedlagt utkast til ny forskrift om konkurranseavgrensande verksemd i skogbruket.

Innleiing/bakgrunn

Norsk næringspolitikk byggjer på utgangspunktet om at konkurranse er eit viktig verkemiddel for å oppnå effektiv ressursbruk, og også skogbrukspolitikken har som mål å fremje konkurranse. Og hovudregelen er også at det meste av samarbeidet i skogbruksnæringa er i tråd med konkurranseavgjevinga. Samstundes er mange norske skogeigedomar små, og det har vakse fram eit behov for samarbeidsformer som kan komme i konflikt med konkurranseavgjevinga. I forslaget til forskrift som no sendast på høyring gis reglar om kva for samarbeid skogeigarane og deira organisasjonar kan foreta seg utan at dette kjem i strid med konkurranseavgjevinga sine reglar. Dette er i samsvar med Stortingets føresetnader i forbindelse med behandling av ny konkurranseavgjeving.

Lov om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger av 5.3.2004 nr.12 forbyr samarbeid som set grenser for konkurransen og utilbørlig utnytting av dominerande stilling. I samband med handsaminga av konkurranseavgjevinga forutsatte Stortinget at landbruksunntaket etter tidligare konkurranseavgjeving, for skogbruket sin del skulle vidareførast i skogbrukslova, som då var under arbeid. På denne bakgrunn fekk lov om skogbruk av 27.5.2005 nr. 31, som trådte i kraft 1.1.2006, heimel i § 18 til at departementet kan fastsetje forskrift om at skogeigarane og deira organisasjonar skal ha rett til konkurranseavgrensande samarbeide om produksjon og omsetning av landbruksprodukt.

Vi viser til Ot.prp. nr. 28 (2004.2005) kapittel 6.2.2 til skogbrukslova der det heiter at: 000501
*"Forskrifta skal gjere klart kva for samarbeidsformersom det er nødvendig å nytte som
 verkemiddel i skogpolitikken utan at den nasjonale konkurranseavgjevinga om
 prissamarbeid eller anna skal vere til hinder for slikt samarbeid for nærare avgrensa
 produktgrupper. Forskrifta må kunne tilpassast utviklinga i skogpolitikken utan at slike
 endringar fører til at det blir gjort endringar i skogbrukslova".*

Konkurranselova sine reglar inneber eigentleg at delar av det samarbeidet som finn stad i skogsektoren i dag i utgangspunktet er forbode, men konkurransestyresmaktene har ikkje handheva regelverket på dei aktuelle omsetjingsordningane i påvente av unntaksforskrift, jf. AID sitt brev av 3.5.2004 til Noregs skogeierforbund.

Konkurranselova

Konkurranselova § 10 regulerer konkurranseavgrensande avtaler mellom foretak, og svarar etter nasjonale tilpassingar til EØS-avtalen artikkel 53. Konkurranselova § 11 regulerer utilbørlig utnytting av dominerande stilling, og regelen svarar etter nasjonale tilpassingar til EØS-avtalen artikkel 54. Reglene følgjer med som vedlegg.

Behovet for unntak frå konkurranselova

Skogbruket og skogindustrien i Noreg representerer ein årlig verdiskaping på ca. 40 milliardar. Råstoffproduksjon skjer på rundt 100.000 eigedomar og bransjen sysselset rundt 30 000 personar og i tillegg arbeider mange menneske i tilknytte verksemd som transport, møbelproduksjon o.l. Skogbruket er i dei seinare år sterkt rasjonalisert, og manuelt arbeid er erstatta med leigde entreprenørar. Skogeigarorganisasjonen har ei samvirkebasert leverandørorganisering og fellesomsetning gjennom regionale skogeigarandelslag som deler landet geografisk mellom seg for å få til meir effektiv omsetjing av tømmer.


Småskalapreget i norsk skogbruk har gjort det nødvendig for skogeigarane å samarbeide. I dei seinare tiåra har behovet for samarbeidsløysingar vorte større og meir mangesidig på grunn av auka verdiskaping og fleire krav til forvaltninga av skogressursane og miljøet. Samtidig har stadig fleire skogeigarar anna arbeid utanom bruket og næringa er avhengig av løysingar der andre kan drive skogen og gje skogeigarane råd og rettleiing.

Tradisjonelt har den viktigaste oppgåva for skogeigarorganisasjonane vore å organisere omsetjing av skogsvirke. Dette er framleis ei hovudoppgåve, men som følge av den sterke driftstekniske rasjonaliseringa, er organisering og gjennomføring av hogst, transport frå skog til fabrikk og ansvar for at skogsdrifta er i samsvar med sertifiseringskrava etter standardar for berekraftig skogbruk blitt viktige oppgåver for samvirket. Skogeigarorganisasjonane sel også tenester som etablering og stell av skog, arbeid knytt til vegnettet; nybygging, ombygging, opprusting og vedlikehald og skogbruksplanlegging med miljøregistreringar.

Høyringsutkast til ny forskrift

Forskrift om konkurranseavgrensande verksemd i skogbruket

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet den 2006 med heimel i lov om skogbruk av 27.05.05 (skogbrukslova) § 18.



§ 1 Formål

Formålet med denne forskrifta er å sikre ei hensiktsmessig og effektiv gjennomføring av skogbrukspolitikken, ved å klargjøre kva for samarbeid skogeigarane og skogeigarane sine organisasjonar kan utøve utan hinder av konkurranselovas §§10 og 11.

§ 2 Skogeigarane og skogeigarane sine organisasjonar sitt lovlege samarbeid

Skogeigarane og skogeigarane sine organisasjonar kan, uavhengig av forbodet i konkurranselovens §§10 og 11, samarbeide på ein slik måte at det kan ha konkurranseavgrensande følgjer. Samarbeidet kan omfatte:

- a) kjøp og sal av skogsvirke,*
- b) organisering og omsetjing av tenester knytt til skogbruksplanlegging, hogst, planting og anna skogkulturarbeid, anlegg og vedlikehald av skogsbilvegar,*
- c) administrasjon og omsetjing av jakt- og fiskerettar og tilsvarande utmarksnæring,*
- d) andre typar samarbeid som tener til å gjennomføre norsk skogbrukspolitikk og som vanskelig lar seg gjennomføre av ein skogeigar aleine.*
- e) marknadsføring og forskning — og utvikling av produkt og tenester som nemnt i bokstav a til d.*

§ 3 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft (dato).

Vurdering/uttale


Forskrifta om konkurranseavgrensande verksemd i skogbruket bør stå som ei eiga forskrift. Forskrifta vil då vere meir synleg og lettare å finna fram til. Vi trur det er få som koplar dette temaet opp mot forskrift om berekraftig skogbruk, sjølv om forskrifta handlar i stor grad om å sikre ei rasjonell og effektiv utnytting av skogressursane.

Plassering er uansett ikkje avgjerande viktig. Det viktigaste er å få heimla kva samarbeid skogeigarane og deira organisasjonar kan ha utan at dette kjem i strid med konkurranselova sine føresegner. Det er liten tvil om at eit slikt samarbeid er naudsynt for å kunne utnytte skogressursane effektivt. Fellesløyseringar utover eigedomsgrensene vil då vere avgjerande. For å illustrera dette har vi i vårt fylke over 5500 skogeigedomar med ein gjennomsnittstorleik på om lag 250 daa. Utan samarbeid gjennom ein organisasjon vil vi i Rogaland t.d. ikkje kunne selja tømmer til papirindustrien


Utover dette har vi ikkje merknader til dei tre paragrafane i forskrifta.


FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret støttar dei merknader/kommentarar som er nemnt i saksframlegget



Stavanger 30 / 11 - 2006


Lars Slåttå
fylkesskogsjef


Stein Bomo
fylkesskogmeister

Saksbehandlar: Stein Bomo: tlf.: 51 56 89 72 e-post: stein.bomo@fmro.no

Vedlegg:

- Brev frå LMD datert 18.10.2006
- Paragraf 10 og 11 i konkurranselover

Vedlegg til

Saksnr.: 2006/01317-21

5

AVRØYSTING I FYLKESLANDBRUKSSTYRET:

000584

Rogaland

**INNSTILLINGA FRÅ LANDBRUKSAVDELINGA BLEI SAMRØYSTES VEDTATT
(6-0)**

Styremedlem Ragnhild Osmundsen (H) var ikkje til stades ved avrøystinga.

Kopi sendt til:

Landbruks- og matdepartementet
Avd. for skog- og ressurspolitikk
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

RETT UTSKRIFT:

Torhild Skjivik

Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga

EVENTUELLE SPØRSMÅL BØR
RETTAST TIL SAKSBEHANDLAREN

Stavanger, den

18/12

2006

Sign. Kommune:.....

Sign. Fylke:.....